



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201013467  
Arkivnr. 740  
Sakshandsamar Bjerga, Magnar

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Samferdselsutvalet	16.02.11	12/11
Kultur- og ressursutvalet	22.02.11	17/11
Fylkesutvalet	23.02.11	23/11

## HØYRING AV NOU 2010:10 TILPASSING TIL EIT KLIMA I ENDRING

**Samferdselsutvalet 16.02.11**

**Gustav Bahus** sette på vegne av FRP, H fram forslag til ny innstilling der punkta 2, 3, 4, og 5 i fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling går ut.

### Røysting

Gustav Bahus sitt forslag til innstilling vart vedteke med 6 røyster (FRP, H). Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 5 røyster (A, V, KRF) og fall.

### INNSTILLING

1. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nyttig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.
2. For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.

**Kultur- og ressursutvalet 22.02.11**

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke mot 3 røyster (H).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart vedteke mot 4 røyster (H, Frp - Njåstad)

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 vart vedteke med 7 røyster (A, SV, Sp, R, KrF).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5 vart vedteke mot 3 røyster (H).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 6 vart samrøystes vedteke.

## INNSTILLING

1. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nytig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig med ei nær kopling mellom det foreslalte klimaservicesenteret og forskingsfronten i klimaforskinga, og at det er naturleg å tenkje samlokalisering med det nye klimaforskingssenteret i Bergen. Det bør også vere ei sams lokalisering av klimaservicesenteret og eit av dei fire foreslalte regionale kompetansesentra.
3. Fylkesutvalet ber om at det snarleg kjem på plass statlege planretningsliner for bygging nær havnivå.
4. Før ein landar på ein forvaltingsmodell for klimatilpassingsarbeidet på regionalt nivå, bør det utgreiaast nærmare kva rolle fylkeskommunen og planinstrumenta "regional plan" og "regional planbestemming" (Plan- og bygningslova, kap. 8) kan og bør spele i styring, samordning og utvikling av regionalt klimatilpassingsarbeid. Utvalet har foreslått 10-15 mill kroner/år til styrking av Fylkesmannen si oppfølging og rådgiving av kommunane, og på same vis bør ein konkretisere kostnadene knytt til fylkeskommunane sitt arbeid med klimatilpassing overfor kommunane.
5. Kulturminnemyndene bør få øyremerka midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminnevernet, og det bør utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø.
6. For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.

**Fylkesutvalet**                   **23.02.11**

Petter Kvinge Tvedt sette på vegner av Frp, H og KrF fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slike endringar:

Tillegg til punkt 1:

Fylkesutvalet støttar likevel ikkje utvalet sitt forslag om å styrke fylkesmannens tilsynsfunksjon. Fylkesutvalet ønskjer ei prøveordning utan Fylkesmannen i Hordaland når det gjeld dette spørsmålet.

Punkt 4 utgår."

## RØYSTING

Tvedt sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, SP, V) for innstillinga.

## VEDTAK

1. NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring er eit godt utgangspunkt for å utvikle ein heilskapleg nasjonal politikk på området, og vil også vere ein nytig reiskap for regionalt plan- og utviklingsarbeid. Fylkesutvalet sluttar seg til dei tre prinsippa for klimatilpassing og dei påfølgjande hovudtiltaka, jf. NOU 2010:10, kap. 1.1.

Fylkesutvalet støttar likevel ikkje utvalet sitt forslag om å styrke fylkesmannens tilsynsfunksjon. Fylkesutvalet ønskjer ei prøveordning utan Fylkesmannen i Hordaland når det gjeld dette spørsmålet.

2. Fylkesutvalet meiner det er viktig med ei nær kopling mellom det foreslårte klimaservicesenteret og forskingsfronten i klimaforskinga, og at det er naturleg å tenkje samlokalisering med det nye klimaforskingssenteret i Bergen. Det bør også vere ei sams lokalisering av klimaservicesenteret og eit av dei fire foreslårte regionale kompetansesentra.
3. Fylkesutvalet ber om at det snarleg kjem på plass statlege planretningsliner for bygging nær havnivå.
4. Kulturminnemyndene bør få øyremerkte midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminnevernet, og det bør utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø.
5. For å stoppe forfallet og heve standarden på fylkesvegnettet som ein tilpassing til klima både i dag og i framtida, er det avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. februar 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND  
*Mildrid Bertelsen*